



Ny barnehagestyrar i Uskedalen: Marianne Lyngnes Bjørnebøle. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Marianne Lyngnes Bjørnebøle (38), no spesialpedagog ved Rosendal Barnehage og busett i Omvikdalen, er frå 1. august tilsett som styrar ved barnehagen ved Uskedalen Oppvekstsenter. Ho avløyser Margunn Kjærland, som frå same dato tiltrer som pedagogisk leiar i Bringedalsbygda barnehage.

- Målsettinga mi for barnehagen i Uskedalen er at både foreldre og barn skal vera stolte av den og trivst der, seier den nye barnehagestyraren til uskedalen.no. Ho får det beste skussmål av leiinga i barnehagen ho no forlet.
- Eg stortrivs ved barnehagen i Rosendal, der eg har vore sidan 2003. Men no er jobben min der fullendt og deter viktig for meg å ha ein fast jobb. Dessutan er det jo ikkje unaturleg at eg prøver meg som styrar når eg har vore 15 år i barnehage, seier Marianne.

Ho har solide røter i Kvinnherad sjølv om ho har budd det meste av livet sitt utanfor kommunen.

Marianne vart fødd på Husnes og budde der til ho var 2 ½ år.

Mormora kom frå Uskedalen og faren er frå Indre Matre.

Den faglege bakgrunn er solid: I 1992 var ho ferdig førskolelærer og etterpå har ho teke utdanning i pedagogisk vegleiing og spesialpedagogikk. Ho har i 12 år vore avdelingsleiar på ymse stader, stort sett i Rogaland. Men jobben i Uskedalen er hennar debut som styrar.

- Eg har høyrte berre positivt om barnehagen i Uskedalen og gler meg, seier ho.
- Men no reiser ein privat barnehage seg på Dønhaug – blir det ein konkurrent?
- Slett ikkje, eg er sikker på at det blir godt samarbeid mellom oss og den private barnehagen.

Av Ola Matti Mathisen